

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **16. juni 2015** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Håkon J. Skimmeland.

MØTESTAD: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

MØTESTART/-SLUTT: kl.18.00 – kl. 18.45

MØTANDE MEDLEMMER: Håkon J. Skimmeland (Ap)
Andreas Bårtvedt (H)
Oddbjørg Hovland (MDG/SV)

MØTANDE VARAMEDLEMMER: Ingen

IKKJE MØTT: Kristi Henden Tveitaskog (Sp)
Tor Røkenes (V)

FRÅ SEKRETARIATET MØTTE: Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø,
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

FRÅ REVISJONEN MØTTE: Ingen, som avtalt med KPMG AS

ANDRE SOM MØTTE: Ingen (utvalsleiar hadde avtalt med rådmannen at han ikkje trengte møte)

MERKNADER TIL INNKALLING: Ingen

MERKNADER TIL SAKLISTE: Oddbjørg Hovland ønskte å ta opp varslings-saka mot rådmannen under Eventuelt. Utvalsleiar sa seg lei for knapp tidsramme.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 12/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20.04.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 20.04.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.15:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.15:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 20.04.15 blir godkjent slik han føre.

SAK 13/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.06.15

16. Statusoversikt juni 2015
17. Komm.styrevedtak 11.05.15, sak 26/15 – Rapport – selskapsktr - Haugaland kraft AS
18. Komm.styrevedtak 11.05.15, sak 34/15, 36/15 og 37/15 – rekneskaps sakene 2014
19. Representantskapsmøtet 27.04.15- Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
20. Representantskapsmøtet 29.04.15- SIM IKS
21. Orientering fra FKT-konferansen 3. – 4. juni 2015
22. Generalforsamling 01.06.15 – Haugaland Kraft AS
23. Innkalling til generalforsamling 12.06.15 – Haugaland Vekst IKS
24. Innkalling til generalforsamling 16.06.15 – Haugalandspakken AS

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.15:

Utvalsleiar gjekk gjennom sakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.15:

Kontrollutvalet tar referatsakene 16-24 til orientering.

SAK 14/15 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON «SPESIAL- PEDAGOGISKE TILTAK» - NY FRIST

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar tilbakemelding frå rådmannen om manglande oppfølging av KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» til orientering.

Ny tilbakemeldingsfrist til kommunestyret via kontrollutvalet vert sett til 31.12.15

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.15:

Utvalsleiar innleia om bakgrunn for sak om utsetjing. Rådmannen har vist til at det for tida er sjukemeldingar i sentrale stillingar på oppvekstområdet. Kommunalsjef har no sagt opp og dei er inne ein krevjande situasjon. Utvalet støtta framlegg om ny frist.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.15:

Sveio kontrollutval tar tilbakemelding frå rådmannen om manglande oppfølging av KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» til orientering.

Ny tilbakemeldingsfrist til kommunestyret via kontrollutvalet vert sett til 31.12.15

SAK 15/15 FORVALTNINGSREVISJON – «SAKSHANDSAMING, SERVICE OG HALDNINGAR» - NY FRAMDRIFTSPLAN

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval godkjenner ny framdriftsplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sakshandsaming, service og haldningar i Sveio kommune» i tråd med nytt framlegg til ny ferdigstilling innan utgangen av september 2015.

Utvalet forutset ingen endring av tidligare fastsett ramme.

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.15:

Utvalsleiar orienterte om videomøtet 08.06.15 med revisor på bakgrunn av at arbeidet hadde vore prega av varslings-saka og uro på arbeidsplassane som gjorde at dei ønskte ei avklaring på vidare framdrift. Utvalsleiar opplyste at han etter gårsdagens kommunestyrevedtak ikkje kunne opplyse om kommunestyret sitt vedtak før rådmannen var blitt orientert om han fortsatt hadde tillit. Dette møtet skulle finne stad kl. 19.00.

Utvalet ønskte ikkje å ta vekk problemstilling 3 i prosjektet slik det var stilt spørsmål om, men meinte at det heller kunne gjevast noko lengre frist, men likevel slik at rapporten blir gjort ferdig tidleg i haust.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.15:

Sveio kontrollutval godkjenner ny framdriftsplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Saks-handsaming, service og haldningar i Sveio kommune» i tråd med nytt framlegg til ny ferdigstilling innan utgangen av september 2015.

Utvalet forutset ingen endring av tidligare fastsett ramme.

EVENTUELT

Varslings-saka mot rådmannen

Oddbjørg Hovland tok opp om det var grunnlag for at utvalet skulle be om nærare innsyn i saka, jf. forskrifta § 5. Ho meinte kommunen prøvde å dekkje til ved at saka var ført opp under sak 38/15, Referat og meldingar til kommunestyremøtet 15.06.15. Vidare meinte ho det burde vere mogeleg å opne for innsyn i Arbeidstilsynet si rapport og/eller resultata frå medarbeidarundersøkinga, anten heilt eller delvis. Ho meinte denne manglande vilje til vere opne, gjer at tilliten til politikarane og administrasjonen vert sett på prøve.

Utvalet blei samd i at utvalsleiar tar kontakt med revisor om kva utvalet kunne få innsyn i og om det var trong for eige vedtak om innsyn i varslings-saka.

Papirlause politiske møte

I følgje kommunestyrevedtak i sak 46/15 var kontrollutvalet ikkje teke med blant dei som vil få lese Brett i neste periode. Sekretær viste til at på bakgrunn av utvalet si kontrolloppgåve og dokumentmengde burde det her vere mykje porto å spare på overgang til nettløysing. Utvalsleiar sa seg lei for at han ikkje hadde tatt ordet i saka, men ville følgje saka opp med ordførar for å få kontrollutvalet papirlaust.

Neste møte

Etter møteplan er dato **8. september** kl. 18.00. Kommande saker: val av revisor for 2016-2020, budsjett 2016, evaluering av utvalet sitt arbeid i inneverande periode. Forvaltningsrevisjonsrapport vil måtte utstå til seinare i haust.

Sveio/Aksdal, 16. juni 2015

Håkon J. Skimmeland
kontrollutvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)